



Arkivsak

26/03820-1

Sakshandsamar

Heidi Bekkevold

Saksgang

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for samferdsel

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og
frivillighet

Fylkestinget

Møtedato

14.04.2026

21.04.2026

22.04.2026

22.04.2026

23.04.2026

06.05.2026

Årsmelding Telemark ungdomsråd 2025

Innstilling frå fylkesdirektøren

Årsmelding for Telemark ungdomsråd 2025 godkjennast.

Bakgrunn og saksgang

I forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom (forskrift om medverknadsordningar) står det i § 2, femte ledd følgjande: *Råda skal kvart år utarbeide kvar si årsmelding som skal leggjast fram for kommunestyret eller fylkestinget.*

Vedlagde årsmelding blir lagd fram for ungdomsrådet for innspel og eventuelle justeringar før ho blir lagt fram for alle hovudutvala for uttale. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget, som fattar endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Telemark ungdomsråd er eit rådgivande organ for fylkeskommunen som har rett til å uttale seg i saker som gjeld ungdom. Utsegnene frå rådet skal følgje saksdokumenta til det organet som gjer endeleg vedtak i saka.

Rådet har i 2025 hatt 116 saker til behandling og 30 orienteringar.

Årsmeldinga er utarbeide av rådet sjølv saman med administrasjon. Vedlagte årsmelding viser oversikt over rådets aktivitetar i løpet av 2025.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Saka har ingen økonomiske, administrative eller juridiske konsekvensar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Saka har ingen direkte konsekvensar for klimamålet i fylket eller FNs berekraftsmål. Men ungdomsmedverknad er ein viktig del av berekraftsmåla. Spesielt mål 16, som handlar om fred, rettferd og sterke institusjonar, framhevar betydninga av å sikre inkluderande og deltakande avgjerdsprosessar på alle nivå. Dette inkluderer ungdomsmedverknad for å sikre at unge menneske har ei stemme i utviklinga av politikk og samfunn.

Fylkesdirektørens vurdering

Årsmeldinga gir verdifull innsikt i rådets arbeidsmåtar, prioriteringar, samarbeid og deltaking, og viser omfanget i ungdomsrådets arbeid. Eit aktivt og engasjert ungdomsråd har ein eigenverdi, men har også ein verdi for fylkeskommunens arbeid både administrativt og politisk.

Vedlegg:

Årsmelding for Telemark fylkeskommunale ungdomsråd 2025